

# **Tiltak for å redusere tap av dyr på beite – ei handbok**

## **Hovudmål**

Redusere tap av dyr på beite

## **Delmål**

Planlegge og førebu (forberede) beitesesongen

Kartlegge moglege tapsårsaker i beitet

Iverksetjing av effektive førebyggande tiltak

Oppløse folk flest (allmennheten) om beiting og beitedyr

Gjennomføre tilstrekkeleg tilsyn

Vurdering av dyrehelse og tilvekst

Evaluerer resultatet av beitesesongen

**Hovudmål:**

## **Redusere tap av dyr på beite. Introduksjon.**

Per i dag er det enkelte stader store tap av dyr på beite. Dette kan skuldast mange årsaker, og enkelte stader skuldast det kombinasjonar av enkeltfaktorar. Relevante faktorar som spelar inn her kan vere sjukdommar som overførast via vertar, smittsame sjukdommar, mangelsjukdom, ulykker, påkøyrslar, laushundar, freda eller ikkje freda rovvilt eller naturtilhøve.

Dette er ei handbok med oversikt over tiltak frå fjøsdøra opnar seg om våren til dyra skal inn att frå beite om hausten. Poenget er å sjå vekk frå enkeltfaktorar som er heilt usannsynlege og deretter jobbe seg gjennom prosessen for å komme fram til kva ein bør gjere.

Kva eit akseptabelt tap vil vere er og ulikt frå person til person, og mange faktorar kan spele inn. Det bør vere så lågt som mogleg.

Generelt kan me vel seie at tap frå 1-3 % er det mest sannsynlege at det er naturlege grunnar ein ikkje rår med, men ein burde kanskje sjå om ein skal vurdere enkelte tiltak. 3-5 % er ein tapsprosent som ligg over landsgjennomsnittet og ein bør då gå gjennom ein plan for neste beitesesong. Ved 5-7 % er du oppe i det området der heile handboka bør følgjast frå start til slutt. > 7 % er altfor mykje og ein bør absolutt vurdere å setje inn strakstiltak.

Det kan òg vere lurt å kategorisere dei utfordringane du har i fire kategoriar:

**1 – punkt du har gjennomført/observert**

**2 – punkt du skal gjennomføre**

**3 – punkt som du verken har vurdert eller gjennomført**

**4 – ikkje aktuelt**

Til dømes kan kategori 1 vere tiltak du har gjennomført for å betre tapstala. Kategori 2 er tiltak du ikkje har gjennomført endå, men har vurdert og gjerne vil gjennomføre. Kategori 3 kan vere tiltak du verken har vurdert eller gjennomført. Kategori 4 kan vere tiltak du ser på som uaktuelle for ditt tilfelle. Slik vert det enklare å få oversikt over kva tiltak som står att og kven du har under vurdering.

I tillegg kan det vere lurt å setje opp ein årsplan for å vite kva tid på året dei ulike aktivitetane skal gjennomførast og difor kunne vere ute i god tid med planlegging av arbeid og utstyr som skal kjøpast inn.

Månad	Tiltak
Januar – Mars	Planlegge beiteslepp og tenke over moglege forbettringspotensiale samt installasjonar. Bestille inn gjerdemateriell i god tid før beiteslepp. Dersom du skal søkje førebyggjande midlar må du hugse fristen 15. januar. Sikre god dyrehelse, mellom anna gjennom å førebu lamminga.
Mars – April	Gå over dei gamle gjerda for å utbetre eventuelle manglar og gå opp eventuelle nye trasear.
April – Juni	Utslepp mange stadar startar i april. Ein bør tenkje på at det kan vere lurt å informere i media om ein føreståande beitesesong på dette tidspunktet. Vinklinga bør vere positiv og ei innstilling om at alle brukarar av utmarka melder frå dersom dei ser noko ekstraordinært og at dei viser omsyn ved møte med beitedyr. Beiteplakatar og notabok for beitetilsyn får du kjøpt på lagskontoret.
Mai – September	Tilsyn er viktig i denne perioden. Dei første vekene ute er det òg mykje som kan leggest til grunn for å få eit godt grunnlag vidare. Sjukdommar og andre faktorar som kan stoppe tilvekst bør oppdagast so tidleg som råd. Tilsynet bør gjennomførast dagleg på innmarksbeite, når lamma er små, og minst ein gong i veka når dei går på utmarksbeite.
August – Desember	Her er det sanking og mykje tid vert brukt ute i terrenget. Dette er ei hektisk tid men og ei tid då ein går over store deler av beiteområdet og eit vake auge kan fort legge merkje til smått og stort ein kan hugse på til neste sesong. Hugs søknadsfrist 1. november for erstatning for tap til rovvilt og søknadsfrist 31. desember for erstatning av dyr tapt i utmark.

## Delmål:

# 1. Planlegge og førebu beitesesongen

Det er mange faktorar å ta omsyn til ved beiteslepp og mange av dei har du sikkert teke allereie. Eit av dei viktigaste måla er kva du sjølv ser på som eit akseptabelt tap. Har du funne ut av det er det enklare å ta fatt på arbeidet med tapsreduksjon.

## Heimebeite

Vurderingar/tiltak	Vurdert/utført
Sjå i notatboka frå i fjor	—
Eventuelle faremoment frå i fjor	—
Tilsynsturar for å kartlegge eventuelle faremoment	—
Planar for sikring av ulike farar	—
Innkjøp av utstyr eller medisinar	—
Spørja naboar om fjorårets erfaring	—
Bestille ny notatbok	—
Søke førebyggjande tiltak før 15. januar	—

## Utmarksbeite

Vurderingar/tiltak	Vurdert/utført
Sjå i notatboka frå i fjor	—
Eventuelle faremoment frå i fjor	—
Tilsynsturar for å kartlegge eventuelle faremoment	—
Planar for sikring av ulike farar	—
Innkjøp av utstyr eller medisinar	—
Spørja naboar eller tilgrensande beitelag om fjorårets erfaring	—
Ved eit eventuelt snøfall, veit du kvar sauene vil stå eller trekke	—
Tilkomst med motorisert køyretøy	—

## Delmål:

### 2. Kartlegge moglege tapsårsaker i beitet

Ved å leite rundt i terrenget etter moglege farar og gjere seg merksam på eventuelle risikoområde i beitet, som t.d. fjellhyller og blaute myrer, kan det vere enklare å finne sauer som manglar om ein legg tilsynsrunden innom desse regelmessig. Enkelte stader kan oppsett av eit nytt sperregjerde vere til hjelp. Andre farar burde sikrast eller fjernast.

#### Heimebeite

Vurderingar/tiltak	Vurdert/utført
Kartlegge gamle gjerder	—
Sikre farlege skrentar	—
Kartlegge fjellhyller	—
Kartlegge blaute myrer	—
Kartlegge elvar eller bekkar med mykje eller stri vassføring	—
Moglegheiter for ly	—
Kartlegge vasstilgang i beitet	—
Sporteikn etter rev eller anna rovvilt	—

#### Utmarksbeite

Vurderingar/tiltak	Vurdert/utført
Kartlegge gamle gjerder og bygningar	—
Sikre farlege skrentar	—
Kartlegge fjellhyller	—
Kartlegge blaute myrer	—
Kartlegge vasstilgang i beite	—
Kartlegge elvar eller bekkar med mykje eller stri vassføring	—
Moglegheiter for ly	—
Sporteikn etter rev eller anna rovvilt	—

## Delmål:

### 3. Iverksetjing av effektive førebyggjande tiltak

Gode vårbeite er eit av dei mest effektive tiltak ein kan gjere for å auke tilveksten om våren. Ein sau på godt fôr produserer godt med mjølk til lamma. Er ein redd for å få for lite vinterfôr vil det ofte løne seg å kjøpe fôr framfor å halde sauene på skrinne beite om våren. Ein kan godt, i samarbeid med veterinær, vurdere snyltarbehandling før beiteslepp. Det same gjeld for tiltak mot flått. Ein kan til dømes velje ut 10 lam, og om eit eller fleire av desse har flått på seg, so bør ein behandle med flåttmiddel.

#### Heimebeite

Vurderingar/tiltak	Vurdert/utført
Er dyra lenge inne etter lamming	—
Dyr som haltar	—
Synleg sjuke eller svake individ	—
Får alle lamma suga – tilgang på råmjølk	—
Dyr med laus avføring	—
Lam som ikkje føl mora	—
Er lamma sjekka for flått	—
Førebyggjande behandling mot snyltarar og innvolsorm	—
Bjøller og kodeslips på sauene i god tid før slepp	—
Skikkeleg oppsett gjerde	—
Medisinveska oppdatert og med på tur	—
Vårveging av lamma (1-2 gonger)	—
Krysseliste over vektorer og sjukdommar for lamma	—
Er vårbeitet godt nok eller burde dyra få beite på slåttemarka	—
Bør du søke om Førebyggjande og konfliktdempjande (FKT) midlar	—
Er dyret skikka for utmarksbeiting?	—

#### Utmarksbeite

Vurderingar/tiltak	Vurdert/utført
Dyr som haltar	—
Synleg sjuke eller svake individ	—
Lam som går aleine	—
Dyr med laus avføring	—
Skikkeleg oppsett gjerde	—
Bru over elvar som vert kryssa	—
Er førstehjelpsveska oppdatert og med på tur	—
Bør du søke om Førebyggjande og konfliktdempjande (FKT) midlar	—

## Delmål:

### 4. Opplyse om beiting og beitedyr

Ein kan nytte både lokal-, regional- og riksmedia til å informere om at no står ein ny beitesesong på trappene og at ein difor ber folk om å utvise omsyn, samt om å melde frå om dei ser noko som kan vere av interesse for beitebrukarane. Her bør alt frå gamle gjerdestumpar til laushundar og daude dyr vere interessant. Det bør opplysast om telefonnummer til kontaktperson eller leiar i beitelaget, og at alle observasjonar er av interesse. Tilsynsplakatar bør og nyttast ved innfartsårer til turterreng og andre stader der dei er lett synlege.

#### Heimebeite

Vurderingar/tiltak	Utført
Tilsynsplakatar heng ved alle viktige innfartsårer til beitet	–
Rett kontaktperson og telefonnummer	–
Naboane veit at dyra kjem på beite	–
Nummeret til Naturoppsynet (SNO) og Rovviltkontakt	–
Har det blitt opplyst i lokalavisa om ein føreståande beitesesong?	–
Er det opplyst om bandtvang i beitet?	–

#### Utmarksbeite

Vurderingar/tiltak	Utført
Tilsynsplakatar ved alle viktige innfartsårer til beitet	–
Rett kontaktperson og telefonnummer	–
Nummeret til Naturoppsynet (SNO) og Rovviltkontakt	–
Har det blitt opplyst i lokalavisa om ein føreståande beitesesong?	–
Allianse med andre brukara av utmarka	–
Er det opplyst om bandtvang i beitet?	–

## Delmål:

### 5. Gjennomføre tilstrekkeleg tilsyn

Ein gong om dagen bør ein sjå etter dyra når dei er slept ut på vårbeite på innmark, og minst ein gong i veka når dei er på utmarksbeite. Ein kjapp tur for å telje over kor mange sauer og lam det er, ein gong for dagen, kan spare deg for mykje arbeid og kostnadstap seinare. Det er og lettare dersom du får auge på sjuke dyr tidleg i sjukdomsfasen og kanskje kan du halde att dyr som elles skulle vore slepte i utmark. Medisin og flugevask bør takast med når ein går tilsynsrundar.

#### Heimebeite

Vurderingar/tiltak	Utført
Tilsyn med dyra minst ein gong kvar dag etter utslepp	–
Telje både sauer og lam	–
Har det dauda dyr?	–
Notere tilstanden i beitet	–
Har du hatt med deg medisineska på tilsyn?	–
Fargekoding på bjølleslips for tal på lam	–

#### Utmarksbeite

Vurderingar/tiltak	Utført
Tilsyn med dyra kvar veke etter utslepp	–
Telje både sauer og lam	–
Har du oppdaga dyr som har mangla?	–
Uro i flokken	–
Observerer du kråkefuglar eller andre åtseldyr?	–
Har du sett inn tiltak mot enkeltdyr?	–
Har du sett daude dyr?	–
Notere tilstanden i beitet	–
Har du hatt med deg medisineska?	–
Har du tilgang til avlivingsutstyr?	–
Vurderer du elektronisk sporingsutstyr?	–



## Delmål:

### 6. Vurdere dyrehelse og tilvekst

Vurdering av helse til dyra er ikkje alltid like lett. Det er mange faktorar som spelar inn og det kan vere sjukdommar som ikkje har så mange symptom. Er det synleg sjuke dyr, eller dyr som manglar ull, kan det vere best å tilkalle veterinær eller forsøke å få dei heim. Når beitet er beita ned og det ikkje lenger er tilvekst av nytt gras, er det på tide å sleppe dei på nytt beite. Held ein sauene på dårlige beite for lenge, er det fare for underernæring og at lamma får ikkje nok tilvekst for å møte utfordringane i utmark.

#### Heimebeite

Vurderingar/tiltak	Utført
Lam som heng med øyrene eller ligg	–
Dyr som haltar	–
Søyer som går stivt og har harde jur	–
Dyr som er skitne bak	–
Lam som ikkje greier å finne mora	–
Lam som brekar	–
Lam som er betydeleg mindre enn andre jamgamle lam	–
Tiltak mot enkeltdyr	–
Tiltak mot besetninga	–

#### Utmarksbeite

Vurderingar/tiltak	Utført
Lam som heng med øyrene eller ligg	–
Dyr som haltar	–
Søyer som går stivt og har harde jur	–
Dyr som er skitne bak	–
Lam som ikkje greier å finne mora	–
Lam som brekar	–
Lam som er betydeleg mindre enn andre jamgamle lam	–

## Delmål:

# 7. Evaluere

Har du hatt eit tilfredsstillande lågt tap denne sesongen, eller har tapa framleis vore for høge? Har du gått ned litt eller har du sett deg for høge mål? Du kan starte med å luke ut dei faktorane som er usannsynlege. Er til dømes alveld heilt uaktuell så treng ein ikkje leite etter det. Kanskje ei synfaring ute i beiteområdet saman med personar frå anten landbrukskontoret, landbruksrådgevinga eller beitelaget kan vere til hjelp. Då kan ein sjå på tilhøva, komme med innspel og eventuelle tiltak som kan gjerast.

## Heimebeite

Vurderingar	Vurdert
Har du tilfredsstillande tapsprosent på heimebeite?	—
Har tapsprosenten gått opp eller ned?	—
Har tiltaka du gjennomførte vore verknadsfulle?	—
Har du fått færre eller fleire tiltak i kategori 1 og 3?	—
Har du tenkt på fleire tiltak du skal gjere neste sesong?	—
Har tiltaka gitt seg utslag i auka dyrevelferd?	—
Har tiltaka gitt seg utslag i ein betre økonomi?	—
Var nokon tiltak mislukka?	—
Har du tenkt å gjere nokon tiltak annleis neste sesong?	—

## Utmarksbeite

Vurderingar	Vurdert
Har du oppnådd ein tilfredsstillande tapsprosent på utmarksbeite?	—
Har tapsprosenten gått opp eller ned?	—
Har tiltaka du gjennomførte vore verknadsfulle?	—
Har du fått færre eller fleire tiltak i kategori 1 og 3?	—
Har du tenkt på fleire tiltak du skal gjere neste sesong?	—
Har tiltaka gitt seg utslag i auka dyrevelferd?	—
Har tiltaka gitt seg utslag i ein betre økonomi?	—
Var nokon tiltak mislukka?	—
Har du tenkt å gjere desse tiltaka annleis neste sesong?	—
Kan det vere aktuelt å skifte beite?	—
Kan det vere aktuelt å søke om førebyggjande skadefelling?	—
Kan det vere aktuelt å søke om FKT-midlar?	—